

# Vurdering for utvikling

## Rapport



### ***Holmedal barnehage***

**Veve 14 (31.3.-2.4.) 2014**

**Tema: *Borns medverknad***

*Holmedal den 2. april 2014*

*Oppvekst og utdanning i HAFS  
Vurderingsnettverket*

Marie Hendrix

Åsmund Berthelsen

**Innhald:**

1. Føreord	3
2. Oppsummering (samandrag)	4
3..Fakta om skulen og val av vurderingstema	4
4. Frå vurdering til endring av praksis	5
5..Kriterium og kvalitetskrav (glansbilete)	5
6. Skulen/barnehagen sine sterke sider	7
7. Skulen/barnehagen sine utfordringar	9
8. Idear til vidare arbeid	12
9. Vidare arbeid	12
10. Vedlegg:	
Deltakarar i vurderinga	13
Tidsbruk	13
Metodar og verktøy	14
Samtaleguidar og skjema	15

## 1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med jamne mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærararar og forskulelærarar i regionen. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnhagane. Ein prosjektkoordinator leier og administrerer arbeidet med vurderingar.

Skulane er etter Opplæringslova pålagt å vurdere verksemda jamleg  
*"Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organisering og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleigar har ansvar for å sjå til at vurderinga vert gjennomført etter føresetnadene".*

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast.  
*"Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar."*

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye øye. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilet av kvaliteten på skulen, men skal vere eit bidrag til kva skulen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Skulen og barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve utfordringane.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og skuleregionen sin nettstad: [www.hafs.no](http://www.hafs.no) ein månad etter vurderinga.

Dale, august 2012

Åsmund Berthelsen (prosjektkoordinator)

Mobil: 99318698

E-post: [Asmund.Berthelsen@fjaler.kommune.no](mailto:Asmund.Berthelsen@fjaler.kommune.no)

## 2. Oppsummering

Holmedal barnehage er organisert og planlagt slik at det er mykje tid og rom for borna til å medverke i det daglege. Vekeplanen har opne rom der borna kan få leike og gjere det dei sjølv bestemmer. Barnehagen er særleg god på utelek og brukar nærområdet mykje. Personalet er fleksible og endrar planar etter innspel og ynskje frå borna. Personalet er flinke til å bruke tid til å undre seg saman med borna.

Barnehagen har ei utfordring i å ta borna meir med på vurdering av aktivitetar, og i planlegging av innhald og tema. Barnehagen har starta med planlagde samtalar med borna og barnemøte.

Dei tilsette har ei felles oppfatning av kva medverknad for borna knytt til aktivitetar er, men barnehagen trekker ikkje borna sine innspel og syn inn i vurderings- og planleggingsarbeidet

Foreldra i Holmedal barnehage er trygge på at borna deira vert sett og hørt. Påstandsskjema og observasjon syner det same.

Barnehagen har ei utfordring i å gje ungane høve til meir medverknad/medansvar i daglege gjeremål.

Barnehagen har også ei utfordring i kommunikasjonen med foreldra for at dei skal vite meir om kva som har skjedd og skal skje. Det kan skje gjennom ei digital plattform og anna plassering av tavle for informasjon. Foreldra har også ei utfordring i å informere om borna.

## 3. Fakta om skulen/barnehagen og val av vurderingstema

Holmedal barnehage er ein communal barnehage med inntil 24 plassar for born i alderen 1-6 år. Inneverande år har vi ingen born i eldste kullet og mange born under 3 år. Det er full pedagogdekning i barnehagen med 2 pedagogiske leiarar i tillegg til 40% administrasjonsressurs og 2 assistenter/fagarbeidarar.

Barnehagen held til i eit eldre bustadhus som er bygd på i fleire trinn. For tida er også uteområdet under utbetring, og det vert eit nytt tilbygg som skal romme nytte ventilasjonsanlegg.

Barnehagen har god tilgang til bruk av skog, fjell og sjøområde og vi har og kontakt med gardbrukarar for besøk i ulike fjøs. Vi er ofte på tur – både korte, lange med store og små, med lita og stor gruppe.


Barnehagen har valgt vurderingstema «Borns medverknad» på bakgrunn av ståstadanalysen. Der har det kome fram at sjølv om borna våre har stor fridom og mykje medbestemming , har vi ein del å gå på når det gjeld å få sett det i system og synleggjere dette.

## 4. Frå vurdering til endring av praksis

Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen har utvikla. Metodikken vert nytta av Utanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet. Modellen har fem steg:

1. Velje område
2. Lage glansbilete (kriterium og teikn på god praksis)
3. Hente informasjon
4. Gjere vurdering
5. Spegle attende

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av om tilhøva er slik dei bør vere. Vurderarane peikar på kor skulen/barnehagen er bra i forhold til god praksis og kor dei har utfordringar. Etter det er det skulen/barnehagen sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med eigaren og regionen.



## 5. Glansbilete

Kriterium tyder kjenneteikn på god kvalitet. Kriteria er henta frå lov, regelverk, læreplanverk, rammeplan eller skulen/barnehagen sine eigne planar.

Kriteria og teikn på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og skulen/barnehagen, og til slutt godkjende av skulen/barnehagen.

Kriterium	Teikn på god praksis
Borna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetningar  (FNs barnekonvensjon, artikkel 12, §3 )	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er sett av god tid til leik</li> <li>• Borna får medansvar, saman med ein vaksen til å velje aktivitetar for delar av dagen</li> <li>• Personalet oppfordrar borna til å seie si mening om kvardagen i barnehagen</li> <li>• Borna sine ynskjer /innspel blir tatt på alvor og borna får hjelp til gjennomføring og videreutvikling</li> <li>• Borna sine ynskjer/innspel vert tatt med i vidare planlegging</li> </ul>
Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for borna til å medverke  (Rammeplan for barnehagen)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet anerkjenner kjenslene til borna og tek dei på alvor</li> <li>• Personalet tolkar kroppsspråket til borna og gjev respons på det</li> <li>• Personalet har opne og fleksible planar som gjev rom for borns medverknad og initiativ</li> <li>• Det er sett av tid og rom for den spontane samtalen/ undringa ilag med borna</li> <li>• Personalet gjennomfører strukturerte samtalar og intervju med borna/grupper av born</li> <li>• Personalet bruker resultata frå samtalar og observasjonar i planleggings- og vurderingsarbeidet</li> </ul>
Foreldra er trygge på at bornet deira vert respektert og at det får delta i et fellesskap som gjer det godt  (Rammeplan for barnehagen)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet er lydhøre for kva foreldra fortel om kvardagen til deira born</li> <li>• Foreldra formidlar kva deira born er opptekne av</li> <li>• Foreldra og tilsette kommuniserer om kva borna har opplevd/skal oppleve</li> <li>• Barnehagen har rutinar for innhenting av tilbakemeldingar frå borna (gjennom foreldra)</li> <li>• Foreldra opplever at deira born vert sett og hørt.</li> </ul>
Barnehagen er ein lærande organisasjon  (Rammeplan for barnehagen)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personalet har ein felles forståing av kva dei legg i omgrepet «borna sin medverknad»</li> <li>• Personalet reflekterer over og drøfter eigen praksis i høve borns medverknad.</li> <li>• Personalet reflekterer over born sine ulike uttrykksformer (Temahefte om borns medvirkning, s 12)</li> <li>• Personalet har kunnskap om det å samtale med born/intervjuje born</li> <li>• Barnehagen har gode verktøy for planlegging og vurdering ilag med born</li> <li>• Vurdering fører til endring eller stadfesting av planar</li> </ul>

## 6. Barnehagen sine sterke sider

**Borna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader  
(FNs barnekonvensjon, artikkel 12, §3 )**

- Det er sett av god tid til leik

Barnehagen har sett av veldig god tid til uteleik. Dei går på lange turar i nærområde. Vekeplanane har opne rom. Personalelet gir uttrykk for at dei er veldig fleksible med omsyn til planane. Årsplanen blir omtalt som eit verktøy og er ikkje helt bindande.

Dette kjem fram i planane, samtalar og observasjon.

- Borna sine ynskjer /innspel blir tatt på alvor og borna får hjelp til gjennomføring og videreutvikling

Personalelet tar bornas innspel på alvor, utstyr som borna ynskjer til leiken blir henta fram og dei vaksne er med i leiken om borna ynskjer det. Borna fortel i samtalane at dei sjølv bestemmer kva dei skal leike med. Dette har me både sett og høyrt.

- Borna sine ynskjer/innspel vert tatt med i vidare planlegging

I årsplanen kan me lese at barnehagen er opne for interesse og idear frå barnegruppa og foreldra. På foreldremøte om hausten får foreldra kome med innspel/forslag.

**Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for borna til å medverke  
(Rammeplan for barnehagen)**

- Personalelet anerkjenner kjenslene til borna og tek dei på alvor

I årsplanen kan me lese at ein er opne for interesse og idear frå barnegruppa og foreldra. På foreldremøte om hausten får foreldra kome med innspel/forslag.

- Personalelet tolkar kroppsspråket til borna og gjev respons på det

Vi har observert at personalelet er knallgode til å tolke bornas kroppsspråk og at dei er flinke til å sette ord på kroppsspråket. Dei syner i samtale at dei er medvetne om dette.

- Personalelet har opne og fleksible planar som gjev rom for borns medverknad og initiativ

Det er i alle fall heilt sikkert .Vi kan lese det i planane, både vekeplanar og årsplanen. Vidare stadfester både foreldra og personalet dette i samtalane. Borna seier at dei får vere med å bestemme.

- Det er sett av tid og rom for den spontane samtalen/undringa ilag med borna

Vi har observert fine samtalar mellom borna og tilsette der begge partar har undra seg over t.d. naturen.

- Personalet gjennomfører strukturerte samtalar og intervju med borna/grupper av born.

Vi har sett at personalet hadde eit barnemøte der dei planla pysjfesten. Me har hørt at ein i personalgruppa har samtale med borna før foreldresamtalane.

- Personalet bruker resultata frå samtalar og observasjonar i planleggings- og vurderingsarbeidet

Ein del aktivitetar er resultat av initiativ frå borna, t.d. tur til Bakkekletten, pysjfesten. Vi har og hørt at personalet har hatt samtale med borna før foreldresamtale. Dette for å kunne formidle bornas syn på mellom anna trivsel og leik. Barnehagen har også starta å bruke barnemøte. Resultat frå desse kan nyttast i planleggingsarbeidet.

**Foreldra er trygge på at bornet deira vert respektert og at det får delta i eit fellesskap som gjer det godt  
(Rammeplan for barnehagen)**

- Foreldra formidlar kva deira born er opptekne av

Foreldra meiner gjennom påstandsskjemaet at dei er flinke på det.

- Foreldra og tilsette kommuniserer om kva borna har opplevd/skal oppleve

Foreldra får informasjon gjennom samtale i garderoben, på ei tavle i garderoben og månadlege brev med informasjon frå aktivitetane, og om det som skal skje framover.

- Foreldra opplever at deira born vert sett og hørt.

På foreldremøte er svaret på dette eit klart ja. Observasjonane våre syner at det er slik.

## **Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehagen)**

- Personalet har ei felles forståing av kva dei legg i omgrepene «borna sin medverknad»

Observasjonane og samtalane med tilsette syner at dei i forhold til aktivitetar der og då, er samstemte om kva borns medverknad er.

- Personalet reflekterer over born sine ulike uttrykksformer (Temahefte om borns medvirkning, s 12)

Vi har observert at personalet er flinke til å tolke kroppsspråket.

- Personalet har kunnskap om det å samtale med born/intervjuje born

Har starta med samtalar - før foreldresamtalar.

- Vurdering fører til endring eller stadfesting av planar

Styrar seier at personalet er viljuge til å prøve ut endringar i det praktiske og stå i det for å sjå om det fungerar

## **7. Barnehagen sine utfordringar**

### **Borna skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetningar (FNs barnekonvensjon, artikkel 12, §3 )**

- Borna får medansvar, saman med ein voksen til å velje aktivitetar for delar av dagen

Me har sett at borna er dagens hjelpar men er usikker kor mykje val born har i forhold til matlaging. Personalet stadfester i samtalane at dei ikkje har andre rutinar der born får medansvar.

- Personalet oppfordrar borna til å seie si meining om kvardagen i barnehagen

Me har ikkje observert at personalet gjer det og har ikkje funna nedskrivne rutinar.

- Borna sine ynskjer/inngespel vert tatt med i vidare planlegging.

Barnehagen tek omsyn til ynskje/inngespel i det daglege arbeidet og val av aktivitetar, men har ikkje eit system som sikrar at born får medverke i val av tema og innhald i årsplan.

**Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for borna til å medverke  
(Rammeplan for barnehagen)**

- Personalet gjennomfører strukturerde samtalar og intervju med borna/grupper av born

I samtalane fortel dei tilsette at dette ikkje vert gjort. Me kan heller ikkje finne noko om dette i dokument. Borna stadfester i barnesamtalane me gjennomførte at dei ikkje har eller ikkje opplever at dei har strukturerde samtaler eller intervju.

- Personalet bruker resultata frå samtalar og observasjonar i planleggings- og vurderingsarbeidet

Me ser at personalet bruker resultata frå barnemøter i aktivitetar men ikkje i planane. Personalet bruker bornas ynskjer som utgangspunkt for nokre aktivitetar.

**Foreldra er trygge på at bornet deira vert respektert og at det får delta i et fellesskap som gjer det godt**

**(Rammeplan for barnehagen)**

- Personalet er lydhøre for kva foreldra fortel om kvardagen til deira born

Påstandsskjemaet viser at foreldra ikkje er heilt sikre på dette. På foreldremøtet kjem det fram at dette er personavhengig.

- Foreldra formidlar kva deira born er opptekne av

Vi har observert at samtalane i garderoben om morgonen mest handlar om det praktiske. Barnehagen ber om tilbakemelding og får noko, men at det er vanskeleg å få det organisert. Personalet kan tenkje seg å vere meir informert om viktige hendingar heime.

- Foreldra og tilsette kommuniserer om kva borna har opplevd/skal oppleve

Svara på påstandsskjema syner at foreldra er delt på om dette er godt nok. På foreldremøte kom det ynskje om at barnehagen også nyttar ei digital plattform i tillegg til å nytte papir, for å kommunisere om det borna opplever og skal oppleve.

- Barnehagen har rutinar for innhenting av tilbakemeldingar frå borna (gjennom foreldra)

Barnehagen har foreldremøte vår og haust, og planlagde foreldresamtalar vert gjennomført. Barnehagen gjennomfører ikkje brukarundersøkingar. I påstandsskjemaet svarar alle foreldra at dei ikkje veit om barnehagen har rutinar på dette. Styrar seier at barnehagen ikkje har rutinar og at det har vore vanskeleg å få

meir organiserte tilbakemeldingar.

### **Barnehagen er ein lærande organisasjon (Rammeplan for barnehagen)**

- Personalet har ei felles forståing av kva dei legg i omgrepet «borna sin medverknad»

Samtalane med personale og observasjoner syner at dei ikkje er heilt samstemte om kva borns medverknad i vurderings- og planarbeidet vil seie. Personalet er søkjande om kva det vil seie i praksis.

- Personalet reflekterer over og drøfter eigen praksis i høve borns medverknad.

Samtalane med tilsette stadfester det som kjem fram i ståstadsanalysen om at dette ikkje vert gjort i særleg grad.

- Personalet reflekterer over born sine ulike uttrykksformer (Temahefte om borns medvirkning, s 12)

Observasjon syner at personalet er mest konsentrert om det verbale/kroppsspråket og ikkje så medvetne om andre uttrykksformer som skjer gjennom leik og aktivitetar.

- Personalet har kunnskap om det å samtale med born/intervjuer born.

Dette gløymde vi å spørje dei tilsette om. Styraren seier at dei tilsette har etterlyst meir kunnskap og dei vil få det.

- Barnehagen har gode verktøy for planlegging og vurdering ilag med born

Barnehagen nyttar ikkje særskilte verktøy. Dette kjem fram i samtalar med dei tilsette og i dokument.

- Vurdering fører til endring eller stadfesting av planar

Både observasjon, dokument og samtalar syner at vurdering og endring går på praktiske løysingar og ikkje på kva borna tykkjer og meiner.

## 8. Idear til vidare arbeid

Utviklingsområde	Idear
<b>Barnehagen er ein lærande organisasjon</b>	Dyktiggjere seg på å intervju born.
<b>Barnehagen er ein lærande organisasjon</b>	Avklare korleis born skal medverke i vurdering og planlegging av verksemda, både direkte og gjennom foreldra.
<b>Den pedagogiske verksemda er organisert og planlagt slik at det er tid og rom for borna til å medverke</b>	Få borna med på å velje tema/innhald og ikkje berre på aktivitetar.
<b>Foreldra er trygge på at bornet deira vert respektert og at det får delta i et fellesskap som gjer det godt</b>	Opprette ei digital plattform for kommunikasjon. Flytte informasjonstavle ut på veggen.

## 9. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Utdanning og oppvekst i HAFS sin nettstader.

Seinast ein månad etter vurderinga skal skulen/barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom tilstandsrapport/kvalitetsmelding skal skular og barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til skulane og barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentleg, men som er overlevert rektor/styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og anonymiserte intervju/samtalar.

Holmedal, den 2. april 2014

Marie Hendrix

Åsmund Berthelsen

Vurderingsnettverket  
Utdanning og oppvekst i HAFS

## Vedlegg:

### Deltakarar i vurderinga

Interne: Alle tilsette i barnehagen, grupper av born og foreldre gjennom både påstandsskjema og møte.

Eksterne: Frå vurderingsnettverket i Utdanning og oppvekst i HAFS, Marie Hendrix og Åsmund Berthelsen

Temaet Borns medverknad involverer alle aktørane i barnehagen og difor må alle få uttale seg om praksis knytt til dette.

### Tidsbruk

Regionen v/prosjektkoordinator har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar/rektor fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar på skulen/i barnehagen. På små skular eller barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og underveis førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

**Tidsplan for heile prosessen:** (utfylt av region saman med skule/barnehage)

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 4	Tildeling av vurderarar	Region v/utviklingsleiar
Veke 8	Skulen/barnehagen sender over relevante planar og dokument.	Styrar
Veke 9	Føremøte mellom skule/barnehage og vurderarar Føremål: Drøfte glansbiletet med kriterium og teikn på god praksis. Avklare ansvarsoppgåver og tidsplan	Vurderarane og styrar
Veke 9	Skulen/barnehagen får forslag til kriterium og teikn på god praksis (glansbilete)	Vurderarane
Veke 11	Skulen/barnehagen drøftar forslaga og kjem framlegg til endringar og tillegg	Styrar
Veke 12	Skulen/barnehagen godkjenner glansbilete	Styrar

Veke 13	Barnehagen får påstandsskjema og innbyding til foreldremøte	Vurderarane
Veke	Skulen/barnehagen får samtaleguidar	Vurderarane
Veke	Vurderingsveka (sjå eigen tidsplan) Foreldremøte Observasjonar Samtale med tilsette og born. Onsdag: Framlegging av førebels rapport til styrar og presentasjon av førebels rapport for personalet, barnehageeigar og representantar for foreldre.	Rektor

### Tidsplan vurderingsveka:

Måndag, 31.3 9.00 - 9.45 Samtale tilsette

10.00 -14.00 Observasjon: Dagstur med de to eldste kulla til Kletten – med grillstopp, Anne Marit og Janne.

19-20.30 Foreldremøte

Tysdag, 1.4 7.15 Observasjon

8.30-9.00 Samtale med born

09.00 -10.00 Samtale med born

10.00 - 13.00 Observasjon

13.00 -13.45 Samtale med tilsette

14.00 -14.45 Samtale med tilsette

15.00 -15.45 Samtale med styrar

16.00 - Arbeid med rapport

Onsdag, 2.4 08.00 - Arbeid med rapport

13.00 - Framlegging av førebels rapport for styrar

14.00 - Ferdiggjering av rapport

16.30 Framlegg av vurderingsrapport for tilsette, eigar og representant for foreldra.

## Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppessamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

### Ståstadsanalyse

Verktøyet er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet og er eit prosess- og refleksjonsverktøy som skal sette i gang utvikling og forbetring på den einskilde skulen. Analysen vart nytta for å velje ut tema for vurderinga og er også nytta som informasjon av vurderarane.

### Dokumentanalyse

Barnehagen sende fleire dokument til vurderarane, årsplan, vekeplanar med læringsmål og aktivitetar, månadsplan og kommunal utviklingsplan.

### Kriterium og teikn på god praksis

I forkant av vurderingsveka sende vurderarane ut eit påstandsskjema til foreldra om borns medverknad. Dette vart fylt ut av 10 foreldre og oppsummert. Eit ikkje utfylt skjema er vedlegg til rapporten. Oppsummering av svara er i vedleggsrapporten.

### Verktøy for vidare informasjonsinnehenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderarane samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og borna. Vurderarane utarbeidde også skjema til bruk i observasjon.

Foreldremøte. Utifrå svara på påstandsskjema vart det utarbeidd problemstillingar som vart drøfta på foreldremøte.

### Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å speglia utsegnene frå borna, tilsette og foreldra, funn i observasjon og i dokument, opp mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner barnehagen sine sterke sider og barnehagen sine utfordringar innafor det valde temaet. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

## Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna

Påstandsskjema for foreldra

Problemstillingar på foreldremøte

Samtaleguide for tilsette

Samtaleguide for styrar

Observasjonsskjema

## **Samtale med born i Holmedal barnehage – veke 14 (31.3. – 2.4.)2014**

Kan de fortelje korleis har de det i barnehagen?

Kva likar de å gjere på i barnehagen?

Er det noko de vil ha annleis/ville ha forandra i barnehagen?

Kven er det som bestemmer her? Får DE bestemme noko?

Seier de kva de meiner i barnehagen? Seier dei vaksne at de skal seie meininga dykkar? Går det greitt at de seier kva de meiner? Er de vanskeleg?

Når snakkar de med dei vaksne?

Tek dei vaksne seg tid til å snakke med dykk når de vil det?

Har de samtalar med dei vaksne? Dei set seg ned og snakkar med dykk og noterer ned kva de seier?

Skjønar dei vaksne alltid kva de meiner?

Får de vite kva som skjer med idear de kjem med?

## **Påstandskjema for foreldre i Holmedal barnehage, mars 2014.**

Tema for vurdering: Bornas medverknad.

Kan du svare anonymt og individuelt og levere tilbake til styraren innan 28. mars ?(gjerne i lukka konvolutt).

Sett kryss i ruta som passer for deg.

Påstand	Usamd				Samd	Veit ikkje
	1	2	3	4	5	

Eg vert møtt med respekt og forståing.						
Personalet er lydhøre for kva eg fortel om kvardagen til mitt born.						
Eg er flink til å formidle kva mitt born er oppteken av.						
Eg og dei tilsette kommuniserer om kva mitt born har opplevd/ skal oppleve.						
Barnehagen har rutinar for innhenting av tilbakemeldingar frå borna.						
Borna sine innspel blir tatt med i vidare planlegging.						
Borna gir uttrykk for at de blir lytta til i barnehagen.						
Personalet er fleksible i høve planar til fordel for borna sine initiativ.						
Personalet tolkar kroppsspråket til borna og gjev respons på det.						

## Problemstillingar foreldremøte - 31.3.2014

1. Drøft kva som ligg i omgrepet «borns medverknad».
2. Drøft kor godt de kjenner praksisen i barnehagen med omsyn til borns medverknad.
3. Korleis kan de kommunisere med personalet i barnehagen om kva borna har opplevd eller skal oppleve?
4. Ta stilling til påstanden: Mitt born blir sett og høyrt i Holmedal barnehage.
5. Er det anna de vil ta opp med omsyn til borns medverknad i Holmedal barnehage?

### Observasjonsskjema Holmedal.

1. Det er sett av god tid til fri leik.	
2. borna får medansvar, saman med ein voksen, til å velje aktivitetar for delar av dagen.	
3. Personalet oppfordrar borna til å seie si meinig om kvardagen i barnehagen.	

4. Personalet tar imot borna sine innspel og .....	
5. borna sine innspel viser att i barnehagen sine planer og aktivitetar.	
6. Personalet tek innspel frå borna på alvor.	
7. Personalet gir respons på kroppsspråket til borna.	
8. Personalet spør borna om deira oppleving av gjennomførte aktivitetar.	
9. Det er sett av tid og rom for den spontane samtale/undringa ilag med borna.	
10. Personalet er lydhøre for kva foreldra fortel om kvardagen til deira born.	
11. Foreldra formidlar kva deira born er oppteken av.	
12. Foreldra og tilsette kommuniserer om kva borna har opplevd/skal oppleve.	

**Samtaleguide tilsette Holmedal april 14.**

1. Korleis legg de opp dagen for at borna skal få tid og rom til fri leik?

2. Kva val har borna i din barnehage? Kor variert og mangfaldig er miljøet?

3. Får borna medansvar til å velje aktivitetar for delar av dagen?  
Viss ja, fortel om korleis dette blir praktisert.

4. Korleis får du borna til å sei si meining om sin dag i barnehagen?

5. Korleis møter du innspel frå borna?

6. Fortel om kva du gjer for å vere sikker på at borna sine ynskjer blir tatt opp til vurdering i planlegginga?

7. Korleis anerkjenner du borna sine kjensle ? Har du ein situasjon som viser det?

8. Kva er ditt forhold til planarbeidet i barnehagen? Korleis reagerer du når planer må endrast?

9. Gjennomfører du borneintervju? Fortel litt om korleis du gjennomfører samtalar og intervju med borna?

10. Kan du fortelle om kva du kan om det å intervju / samtale med born.

11. Kva rutinar har du for å få foreldra sine synspunkt ?

12. Kva gjer du med informasjon som du får frå foreldra om kvardagen til borna?

- |   |
|---|
| 13. Kva legg du i omgrepet bornas medverknad?   |
| 14. På kva måte reflekterer du over eigen praksis i høve borna sin medverknad?                                |
| 15. Kan du sei noko om ulike måtar borna uttrykker seg på?  |
| 15. Kan du sei noko om kva verktøy de bruker når de planlegger og vurderer ilag med borna?                    |
| 16. Har du eksempel frå praksisen som viser at de har endra planer på grunn av borna sine ynskjer/medverknad? |
| 17. Er det noko du vil tilføye?   |

#### **Samtaleguide styrar**

1. Kva rutinar har barnehagen forå sikre at alle borna får medverke i aktivitetar i barnehagen?
2. Korleis legg de til rette for at borna får velje aktivitetar?
3. Gje nokre døme på korleis borna deltek i rutinesituasjonar i barnehagen?
4. Korleis organiserer de det fysiske miljøet inne og ute i barnehagen for at leikemateriellet/formingsmateriellet skal vere lett tilgjengeleg for borna?
5. Korleis sikrar du at borna vert møtt med tillit og respekt av alle tilsette?
6. Kva for rutinar har de for å hente inn foreldra sine synspunkt? Korleis får de tilbakemelding frå foreldra?
7. Korleis jobbar personalgruppa med borns medverknad? Er det semje om korleis ein skal forstå omgrepet "borns medverknad"?
8. Korleis reflekterer de over praksis i høve til borns medverknad?
9. Korleis sikrar de at innspel for borna vert teke med i vurderinga og planlegginga? Brukar de særskilte verktøy?
10. Har personalet god kunnskap/kompetanse i det å samtale/intervjuje born?
11. Er personalet endringsviljuge?